

Regjeringa må trekkje utsleppsløyvet til gruvedumping i Førdefjorden!

Noreg er no eitt av berre fem land i verda som framleis tillét dumping av gruveslam i sjø. Likevel har regjeringa gjeve nye løyve til å dumpe millionar av tonn gruveslam i norske fjordar. Naturvernforbundet krev at regjeringa trekkjer utsleppsløyvet som er gitt til gruvedumping i Førdefjorden.

Då gruveselskapet Nordic Mining fekk utsleppsløyve i 2015 var grunngjevinga at samfunnsnyttan ved prosjektet var større enn miljøulempene. I åra som har gått sidan den gong, har prosjektet blitt vesentleg endra. Dei nye planane har kraftig redusert uttak av malm, redusert tal på sysselsette, og sterkt redusert driftstid, noko som gjer at den såkalla samfunnsnytta av prosjektet er sterkt redusert; det blir lågare inntekter, færre tilsette, og vesentleg kortare driftstid.

Samtidig er dei negative miljøkonsekvensane av prosjektet blitt større. Det er no planlagt andre og langt meir miljøgiftig kjemikal enn kva som låg til grunn i utsleppsløyvet. Vidare har Naturvernforbundet tidlegare avdekkja at mikroplast og plastsjøppel vil inngå i restmassane som følgje av sprengingsaktiviteten i gruvene, utan at det er gjort noko konsekvensutgreiing av dette.

Førdefjorden ligg midt i hjartet av det verdskjende, vestnorske fjordlandskapet og er i dag ein særskild rein og artsrik fjord, med fullt fungerande økosystem. Førdefjorden er nasjonal laksefjord, gytefjord og sjømatfjord, som har gitt grunnlag for busetting og næring i fleire tusen år og som vil fortsette å vere ein evig, sjølvfornyande ressurs, viss vi forvaltar den rett. Repparfjorden er, som Førdefjorden, også ein nasjonal laksefjord, og nye kartleggingar frå Havforskningsinstituttet viser at begge desse fjordane er langt viktigare for gytande torsk enn tidlegare kjent.

Staten sine eigne rådgjevarar i marinfaglege spørsmål, Havforskningsinstituttet og Fiskeridirektoratet, har frårådd gruveutslepp i både Førdefjorden og Repparfjorden grunna risiko for miljøskadar og konkluderte med at utsleppet ikkje representerte berekraftig bruk av fjorden.

Å dumpe restmassane frå gruvedrift i dei norske fjordane er svært skadeleg for naturen i havet, ein trussel mot berekraftige arbeidsplassar i distrikta, og er ei direkte sløsing med mineralressursar som kan nyttast. Det strid også mot FN sitt berekraftsmål 14 om reint hav og berekraftig bruk, og er i direkte konflikt med regjeringa sine ambisjonar om nullvisjon mot marin forureining.

Vi er no i ein ny situasjon når det gjeld vurderinga av samfunnsnytte, målt opp mot tap av miljøkvalitet. Vi innehar også ny kunnskap om ein dramatisk situasjon for havet, og om at mineralutvinning kan gjerast utan gruvedumping i sjø eller miljøfiendtleg landdeponi. Ifølgje norsk lov er det ulovleg å dumpe mineralressursar som kan nyttast, og det er ikkje lovleg å forureine unødvendig. Med bakgrunn i ein nullvisjon mot marin forureining er det eit naturleg krav at dei negative miljøkonsekvensane ved utslepp av gruveavfall i Førdefjorden må bli tillagt større verdi enn tidlegare.

Naturvernforbundet finn av ovannemnde grunnar at utsleppsløyvet til gruvedumping i Førdefjorden er ulovleg og krev at regjeringa trekkjer det tilbake.